

Minne frå hoppmiljøet

Hopprenn i Kambane. Ein vinter på midten av 60-talet blei Per Henning Hole og Arnold Bolstad inviterte til å delta på eit klubbmeisterskap i Sykkylven IL sitt hopprenn i Kambedalen.

I prøveomgangen hoppa dei to velledalingane bakken ned. Då fekk dei beskjed om at dei likevel ikkje fekk delta i konkurransen, men istaden fekk dei vere prøvehopperar.

Skirenn til Bondalseidet. Karane frå Velledalen skulle til Bondalseidet på skirenn. Per Henning Hole trur han skulle delta i hopp, medan Kjell Skogvoll skulle delta i langrenn. Kven fleire som var med kan ikkje Per hugse.

- Vi hadde dårleg tid på tilbaketuren og fergene gjekk sjeldan. Olav P.Hole var sjåfør, trenar og reiseleiar. Ein Austin Cambridge stasjonsvogn som Olav eigde den tida hadde problem med at straumledninga til bensinpumpa (eletrisk) datt av og bilen stoppa.

Det starta med at Olav køyrde forbi eit par-tre bilar på veg til Festøya og etter nokre kilometer stoppa bilen. Bilane han hadde køyrt forbi nådde oss snart att og passerte forbi medan Olav var bakom bilen og festa på plass ledninga. Han fekk start på bilen igjen og fortsette. Like etter nådde han att bilane og køyrde forbi dei for andre gong. Dette gjentok seg tre- fire gonger. Siste gongen stoppa ein av bilane og sjåføren kom bort til Olav og sa: "STEIK FOR EIN IDIOT" !

P.S. Vi rakk ferga.

Aktiv ungdom. I 14-15 års alderen var gutane i Velledalen aktive og ikkje redde for å ta seg ut. Per fortel at dei sykla på musikkøving med hoppskiene bak på sykkelen. Dette for å spare tid, då dei skulle sykle direkte til hoppbakken bortanfor La i Holemarka for å hoppe utover kvelden før dei sykla heim.

Per Henning Hole